

# SYNG UT

NR 1. ☆ MÅNDAG 8. JAN. 1979 ☆ 2. ÅRG.

## KRITISISME

vil seie at ein fører fram kritikken sin på ein udialektisk måte, at ein berre ser på den eine sida ved ein ting, altså den negative utan at ein ser på den positive.

Vi tykkjer halvårsmøte gir eit godt døme på kva kritisisme er. Som "jonas" viser til i innlegget sitt i dette nummeret er det framgang i koret og i styret si leiing av koret, og det finst ei rad forklåringar på dei negative sidene ved korleiinga som slår attende på oss alle. Korleis er styret vorte støtta i arbeidet sitt ? Kvifor kjem all sur kritikk på tampen av semesteret, og ikkje som ein løpande kritikk ?

Styret må ta sjølvkritikk for ei elendig utforma årsmelding. Det lyt vi freiste å rette opp att. Men at årsmeldinga var dårleg betyr ikkje at semesteret var dårleg. Vi meiner at dei kameratane som heilt einsidig skaut laus på styret sjølvsagt har rett til å skyte laus, og mykje av kritikken er kan hende rett. Men forma er ikkje som ho skal vere. Styret følte at den forma mange nytta på årsmøtet var passande andsynes folk ein har eit antagonistisk motsetnadstilhøve til. Overfor kameratar skal kritikk og sjølvkritikk trekke fram både gode og dårlege sider. Dei gode skal fram slik at ein kan byggje vidare på dei, dei negative skal fram for å utryddast. Siktemålet er korrigering og ikkje slakting og mistillit. Prøv å tenk etter kva styret kan bruke av kritikken på årsmøtet når styret nå skal korrigere arbeidsmåten sin i dei neste månadene!

Vel, styret har ikkje tapt motet. Og "kjeften og motet har hjelpt no så mangein", så vi står på og gjer så godt vi kan for å finne betringar. Men vi treng støtte og vi treng kammeratsleg kritikk.

Vekk med all kritisisme! Fram for ein kammeratsleg kritikk! Studer "Om den rette handsamanga av motsetningar innafor folket" av Mao Zedong!

LGL




UTEN TOBAKK? ELLER UTEN FOR-BUD?? (JA)

www.pdf-arkivet.no (2024)

# OM STYRET




Eg synst halvårsmötet 11.12. ikkje fungerte heilt bra – særskilt med omsyn på kritikk av styret. Det var ei stemning som berre kunne vera med på å ta frå styremedlemane motet.

Når vi tek opp kritikk er det viktig å trekke fram dei positive tinga fyrst, og deretter koma med konstruktiv kritikk av det vi meiner er gale, for at tinga skal verte betre framover. Dette innlegget er ein freistnad på å ta fram eit par ting styret har gjort i haust som eg meiner er bra. Når det gjeld kritikken av m.a. halvårsmeldinga kom eg med han på mötet, så det vil eg ikkje ta opp att her.

Vi skal hugse på at det nye styret som vart valt i haust hadde mange uröynde kameratar – i alle fall uröynde i korsamanhang. Det var faktisk berre 2 frå det "gamle" styret som satt over. Dette var mykje ut frå ynskjet om å få inn friskt blod i leiinga for koret. Og å få inn folk som kunne arbeide med å få vekk byråkratiet, som vart oppsummert som hovudfeilen til det gamle styret. Korleis har dei makta det?

Eg meiner dei i hovudsak har lykkest bra. Det viktigaste – og beste – er opprettinga av "informasjonansvarleg". Dette var eit svært bra tiltak, og avisa har faktisk kome ut kvar måndag. At ho ikkje vert fulgt opp bra nok som debattorgan skal eg la liggje her. I tillegg verkar det som styret no fungerer meir som ei kollektiv leiing, og at det ikkje er same monopoliseringa av arbeidet kring einskildpersonar som det var för. Styret trur eg deler arbeidet bra seg imellom, og dei har og vore flinkare til å aktivisere större delar av koret i det organiserte korarbeidet.

Ein annan ting eg synst fungerte bra var helgeseminaret. Sjölv om ting kom seint i gang var dei siste förebuingane bra. Og styret synte at det kunne gripe rett inn i dei sakene folk i koret er opptekne av, og ta opp dei på seminaret. Det bra oppmötet synte at dette var rett – dette var ting som interesserte og fenga.

Kva må styret gjere framover?

Det viktigaste er etter mi meining dei to fyrste punkta i konklusjonen i halvårsmeldinga: musikalsk skulering og ökonomi. Og når det gjeld styret er det særskilt det siste som må prioriterast. Styremedlemet som har hatt ansvaret for ökonomiarbeidet har gjort ein bra jobb, men har som vi veit hatt ein god del problem som har hindra han i å möte fram og fölgje opp i koret. Dette må löysast.

Men eg trur, trass i dei veikskapane halvårsmeldinga inneheld, at vi er på rett veg. Hald fram, styre. Lykke til!

jonas

---

Sist vi laga kryssord, kom det klager til redaksjonen om at den var for vanskelig. Vi har merka oss det:



Vannrett/Vassbeint:
2. Er det mykje av no
4. Koret vårt held til der
6. Er koret vårt
7. -banen(tar vi til Romsås)

Loddrett/Loddbeint:
1. Vi er et ...
5. Tenoren er ...
2. Står i eit antagonistisk tilhøve til 1 vassbeint.
3. Fjernar skorsteinsfeiarane

Vi har ikkje råd til å gi premiar denne gongen. Men dei som ikkje løyser kryssordet skal betale 10 kroner til økonomikampanja vår (ekstra).

GOD NY GJEV!

www.pdf-arkivet.no (2024)

SANGEN OM FATTIGFOLKS LÆRDOMMER

Litt om kva songen handlar om, og kvifor eg meiner det er bra at vi synger han.

"Sangen om fattigfolks lærdomma" starta som eit dikt skrive av kona til ein av arbeidarane ved A/S Syd-Varanger gruver i Kirkenes. Klaus Hagerup skreiv om teksten i 1975, og Hålogaland Teater nytta han første gong i stykket "Vor Ret vi tar" same året. Handlinga i stykket er lagt til Kirkenes der fagforeninga "Nordens Klippe" vert danna i 1906, fire år etter at det er oppdaga malmfelt i Bjørnevatn, og to år etter at selskapet A/S Syd-Varanger er etablert.

Arbeidsfolk i Nord-Norge var,akkurat som arbeidsfolk elles, bunde på hender og føter av kongemakt, kirkemakt og pengemakt lenge før dette århunderet tok til. Men av di avstandane i landsdelen er så store,kom folk tidligare likevel ikkje til å leve så direkte under auga på dei som tok overskuddet av arbeidet. Det skjedde først seinare då landsdelen vart industrialisert, då småbønder, fiskarar, samar og kvænar vart industriarbeidarar på gruver og anlegg.

Det er denne tida - den første industrireisningsperioden - visa handlar om.Det fattigfolket i Kirkenes lærte var først og fremst det at de hadde felles interesser,og at dei måtte stå saman mot hensynslaus drift og underbetaling for ein uendeleg lang arbeidsdag. Dette var tankar som spreidde seg frå Russland der revolusjonen nett var gjennomført.

Historia til "Nordens Klippe" er ei historie om streikar og aksjonar for høgare løn, mot "Brennevin, Bibel og Bajonet", som det sto på 1.mai-fana eit år, mot lønsnedslag då bedrifta fekk vansker med avsetninga i 1917. Det er også ei historie om mange nederlag. Om lockout, og om politi som blei sett inn mot arbeidarar i streik. (Visste de til dømes at politi og militærvesen blei nytta mot streikande arbeiderarar i Nord-Norge sju gonger mellom 1889 og 1918?) Med til fagforeninga si historie høyrer også en gå-sakte-aksjon som endte med nederlag i 1928. Då vart dei som streika sparka frå bedrifta, alle medlemma i "Nordens Klippe" vart svartelista og fekk ikkje jobb på A/S Syd-Varanger att før ti år seinare då bedrifta slo seg opp på rustninga som foregikk i Hitler-Tyskland.

Folka i Kirkenes lærte altså kva det ville seie å bli ~~xxxxx~~ slått ned, men kanskje aller helst lærte dei at dei kunne reise seg igjen og igjen.

"Nordens Klippe" eksisterer framleis som fagforening for dei

www.pdf-arkivet.no (2024)

ansatte ved gruveselskapet i Kirkenes. Og no opplever dei på nytt det som fattigfolka i visa gjekk gjennom for femti år sia : Krise, nedgangstider og uvisshet om arbeidsplassane. De kan innvende at arbeidsfolk i dag ikkje har det så jævlig som den gongen. Kvifor skal vi i 1978 synge om folk som berre hadde ei seng og ein komfyr der dei budde? Og bør ikkje koret heller lære seg ein skikkeleg kampsong mot krisa?

Eg meiner det er mange ting vi kan lære av den historia som visa fortel om. Folka i Kirkenes hadde det jævlig - greitt, men dei var ikkje berre lidanes stakkarar. Historia om arbeidskampane i Nord Norge (og elles i landet også), er full av døme på at folk ikkje berre sette seg ned og ga opp. Dei slo seg saman og sloss mot krisa og mot utbyttinga. Og dei påpekte at "det vi lære ska vi aldri glømme, vi lærte både kjærlighet - til klassen - og hat - til utbyttarane."

Eit viktig punkt i visa er spørsmålet om kva slags liv arbeidsfolk i dette landet egentlig får tilbod om. Og på det punktet er det ikkje vanskeleg å trekke paralellar fram til i dag.I Kirkenes bor folk framleis på husmannskontraktar i boligar som selskapet eig. Arbeidsfolk i 1978 bruker det meste av tida si til å selge arbeidskrafta si, nett som dei gjorde det for femti år sia. Dei fleste opplever jobben som eit naudsynt onnde, noko dei må gjere for å tjene til livets opphald. Det er ikkje like fint å jobbe som å danse, for å sitere ein annan song. Vi føler at vi lever etter klokka fem. Det er dei timane vi har til oss sjølve, det er den munnfullen liv vi skal klare oss med. Sånn må det vere så lenge vi ikkje sjølv rår over livet vårt. Og akkurat det forholdet har ikkje endra seg på femti år.

Difor meiner eg visa fortsatt er aktuell. Vi må fortsatt synge at "det vi lærer skal vi aldri glømme". Vi må fortsatt "bruke tida vi har sammen hjemme" - og vi må "røise oss og slå dæm ner!"

Hege




www.pdf-arkivet.no (2024)

Pål sine hønur

– har fleire vers. Her kjem dei

2.
Pål, han gjekk seg litt lenger på haugjen,
fekk han sjå reven låg på høna og gnog.
Pål han tok seg ein stein uti neven,
dugleg han då til reven slog.
:/:Reven flaug, så rompa hans riste,:/:
Pål han gret for høna han miste:
No tør eg ikkje koma heim åt'n mor.

3.
Hadd' eg no nebb og hadd' eg no klør,
og visste berre kor revane låg,
skulle eg dom både rispe og klore
framma te nakkjen og bak over lår.
:/: Skam få alle revane raude!:/:
Gud gjev at dom alle var daude,
så skulle eg koma heim åt'n mor.

← AKKURAT DETTE KAN JO KANSKJE MISFORSTÅES!!

4.
Ikkje kan ho verpe og ikkje kan ho gala,
ikkje kan ho krype og ikkje kan ho gå,
Eg fær gå meg at Kverna og mala,
og få att mjølet eg miste i går.
:/:"Pytt", sa'n Pål, "eg er ikkje bangen,:/:
kjeften og motet har hjelpt no så mangein,
eg tor nok vel koma heim åt'n mor!"

5.
Pål han Kornet på Kverna til å sleppe,
så at det ljoma i kvar ein vegg,
så at agnane tok til å flyge
og dei vart lange som geiteragg
:/: Pål han ga seg til å le og til å kneggje:/:
No fekk eg like for høna og for egget,
no tor eg trygt koma heim åt'n mor!"

www.pdf-arkivet.no (2024)

SKOLERINGSKAMPANJE.

Musikålsk ledelse har blitt enige om 3 sanger som vi skal konsentrere oss om over en periode på ca. 3 uker.

1. "Nocturne" - Evert Taube

2. "Come again" - John Dowland

3. "Bourree" - J.S.Bach

Hvorfor akkurat disse sangene?

-Vi måtte gjöre et utvalg.
- Vi måtte finne arrangementer som er GODE å synge.
- Sangene må appelere til öret - d.v.s. at det er lett å oppfatte harmoniene - akkordene i sangene.
- Vi skal lære sangteknikk gjennom disse sangene.
- Vi skal lære å fölge dirigenten.
- Vi skal lære å stole på vår egen stemme.

Hvorfor er det ingen sanger med klar politisk tekst?

- Proggressive arrangementer er det ikke så mange av. Proggressive arrangementer har ikke kommet så langt. d.v.s. at vi mener de fleste av dem er lite brukbare til vårt formål (skolering).
For under skoleingskampanja er det den som er korets hovedoppgave, alle andre ting er underordna denne, også repertoarvalg. Repertoaret skal under skoleringskampanja tjene denne.

OVERSIKT OVER ÖVELSENE FRAMOVER:

8.1.79 GODT NYTT ÅR!
Oppvarming - sangteknikk v/Inger
Sang:"Brödre til sol og til frihet".

15.1 Notekurs
Oppvarming - sangteknikk v/Inger
Sang:"Happy the man" v/Vigdis
Sang:"Brödre til sol og til frihet"
Diskusjon om skoleringskampanja.

22.1 Notekurs
Oppvarming- sangteknikk v/Britt
Stemmehöring v Vigdis og Britt
Plenumsövelse:"Nocturne" v/Eivind

NB: Lörd. 27.1 Stemmehöring hos Britt fra kl.1400.

29.1 Notekurs
Oppvarming - sangteknikk v/Britt
Plenumsövelse:"Nocturne" v/Eivind
- småkor
- lytting
- kritikk m.m.

5.2. Notekurs
Oppvarming - sangteknikk v/Roy
Stemmegr.: "Come again"
Plenumsöv.:"Come again" v-Britt

www.pdf-arkivet.no (2024)

| | |
|---|---|
| 12.2 | Notekursene oppsummeres<br>Oppvarming - sangteknikk v/Roy<br>Plenumsöv.:"Come again" |
| 19.2 | Notekursoppsummering og diskusjon<br>Oppvarming - sangteknikk v/Inger<br>Stemmegr. "Bourree"<br>Plenumsöv.: "Bourree" v/Vigdis |
| 26.2 | Oppvarming - sangteknikk v/Inger<br>Stemmegr. "Bourree"<br>Plenumsöv. "Bourree" |
| 5.3. | Hvis programmet blir forskjövet, har vi denne öveösen å "ta av". |
| 12.3 | Fellesnummer til konserten:<br>"Varde" eller "August i -68" etter forslag fra Samarbeidskomiteen for Oslo Rödt Kor og Oslo Rödt Korps (SMORKORK). |

## NOCTURNE.

Musikalsk leiing har valt Nocturne av E.Taube som eitt av dei nummera vi skal trene på under kampanja. Dette nummeret er plukka ut av di det er eit arrangement med spanande akkordar - eit arrangement der vi verkeleg kan lytte på dei andre stemmene samstundes som vi har tid å konsentrere oss om vår eigen.
Vi meiner og at denne songen utmerka godt kan nyttast på repertoaret seinare. Vi har ikkje nett flust med kjærleiks-songar.

## Om Emil sin metode for innöving av ny song.

Med dette nummeret av Syng ut fölgjer Emil sin metode.
Mus. leiing meiner vi skal fylgje denne i dei vekene vi no skal drive kampanja, og trur vi vil merke eit kvalitativt framsteg om vi nyttar metoden alvorleg.
Vi vil særleg legga vekt på del II,b - om innöving av sjölve songen. Les godt gjennom dette - så de er vel förebudde på korleis metoden vil verka.

www.pdf-arkivet.no (2024)

# ENDRA ÅRSMELDING.

## REPERTOAR.

Repertoaret vårt i höst har bestått av endel "gamle" sanger som koret har synget tidligere. Dessuten har vi lært en del av de sangene som komfram under den repertoerkampanja vi hadde tidlig i höst. Denne kampanja er oppsummert i avisa nr. 2.

Repertoar:

"gamle" sanger:
- Sinclairvise
- Bli kvitt dem
- Fjellsetervise
- Hövlerivise
- Forbundet
- Kvinnesang
- Azaniasangen
- Internasjonalen

(Sinclairvise – Forbundet:) bare övd inn med de nye — DEN ER SEKTERISK

- Internasjonalen: övd på en övning
- Sangen om revisjonismen
- Pål sine höner
- Krisestev
- I sekretariatet
- Sangen om fattigfolks lærdommer

Vi hadde i august/september en repertoarkampanje i koret. Fölgende oppsummering sto i Syng ut:

> **Oppsummering av repertoarkampanja.**
>
> Alle medlemmene i koret har i større og mindre grad jobbet med repertoaret. Det har vært varierende jobbing, noen har jobbet strukturert og målretta, mens andre har jobbet mer løst og ustrukturert.
> Det har vært stor entusiasme på repertoarjobbinga hos kormedlemmene. Det har kommet fram endel konkrete resultater, mens det i mindre grad har kommet fram motsigelser og mer prinsipielle diskusjoner.
>
> Vi har lært:
> - At det er riktig å ha repertoarkampanje.
> - At det er riktig at repertoar engasjerer folk i koret.
> - At det fins krefter til og interesse for å jobbe med repertoar i koret.
> - Det var for dårlig ledelse av gruppene. Jobbinga i gruppene var for dårlig planlagt. Det skulle vært bedre oppfølging av gruppene underveis. Det kunne f.eks. vært satt opp problemstillinger innenfor hvert område, til diskusjon.
> - Det skulle vært en bedre fordeling av folk med musikalsk kunnskap.
> - Var fritt fram-gruppa for fri?
>
> Det er en viktig oppgave for koret å jobbe videre med repertoaret.
> Boliggruppa og Eritrea-gruppa bør fullføre det de har begynt på. Vi må se mere på bruk av madrigaler og gamle norske sanger.
> Vi må få en oversikt over folk som har tid og lyst til konkret å jobbe med repertoar, tekster, melodier, arrangementer osv.
>
> Styret mener at det vi må prioritere høyest i tida framover er å få en eller flere sanger som handler om krisa i Norge. (se s.3!) Og at vi dessuten satser på sanger som vi kan nå bredt ut med, som vi kan synge på gata.

Repertoarkampanja var i seg sjöl vellykka, som oppsummert. Men den har ikke blitt fulgt opp utover hösten. Gruppene fortsatte ikke virksomheten, og det ble ikke satt i gaang videre jobbing med tekster, arrangementer osv.

www.pdf-arkivet.no (2024)

De nye sangene vi har övd inn har stort sett kommet som et resultat av kampanja, men de har blitt lite diskutert. Resultatet av dette har vært et kor som har vært lite mobilisert på sangene våre.
Grunnen til dette er at styret og den mus.ledelsen har prioritert repertoardiskusjoner veldig lavt.
Styret har heller ikke klart å fange opp diskusjoner som har blitt fört i koret. Eks. diskusjonen om utesyngingsrepertoaret.
Det kanse ut som om det har vært full enhet i koret om det repertoaret vi har hatt i höst. Enheten har nok vært stor, men motsigelser har ikke fått komme skikkelig fram.
Styret har brukt avisa som unnskyldning for ikke å ta opp diskusjonene i koret f.eks. når det gjaldt "Pål på haugen" og "Bli kvitt dem".

Styret har i höst prioritert repertoardiskusjoner alt for lavt. Dette går helt på tvers av den prioritering som koret önsket etter sommeren. Spesielt uheldige virkninger har dett fått for de nye som har begynt i koret i löpet av hösten, og som ikke deltok i repertoarkampanja.

MEDLEMMENE.

Vervekampanje.

Vi startet en vervekampanje i koret i slutten av mai, som ble oppsummert i forbundsavisa.

Men vervinga fortsatte utover sommeren og hösten. Metodene som ble brukt var:

- löpeseddelutdeling
- opphenging av forbundsplakater m. opplysninger om övingssted
- verving på sommerleirer
- synging ute på gata med appeller til folk om å begynne i koret
- personlig verving

Det som ga flest resultater var personlig verving og verving på sommerleir, men vi vervet også endel nye kormedlemmer på gata.
Ved personlig verving og gateverving fikk vi navn og adresse til folk, og i löpet av de förste ukene i höst ble disse oppsökt av kormedlemmer.

Vervinga hadde store resultater:

* Det begunte mange nye i koret. På de förste 3 övingene i höst begynte det mellom 10 og 20 nye hver gang. Det fortsatte også å begyne nye utover hele hösten.

* For de gamle kormedlemmene ga kampanja ökt forståelse for viktigheten av verving. Alle var med og vervet, og entusiasmen var stor for at vi skulle få et svært Oslo Rödt Kor.

Vi er nå ca. 80 medlemmer i Oslo RK. Det vil si at vi har fordoblet medlemstallet siden siste halvårsmöte juni 78.

www.pdf-arkivet.no (2024)

Tallene i tabellen under er ikke helt nøyaktige, men gir perspektiver å gå ut ifra. Frafall i tabellen gjelder både de som har slutta og de som bare har vært innom på et par øvinger.

| | Medl. juni | Frafall | Nyrekrutterte | Medl. desember |
|---|---|---|---|---|
| Sopraner | 12 | 10 | 14 | 25 |
| Alter | 14 | 10 | 15 | 28 |
| Tenorer | 9 | 3 | 4 | 10 |
| Basser | 8 | 3 | 8 | 14 |

Vi har i høst hatt problemer med gjennomtrekk i koret. Dette ble tatt opp på øvinga 23.10. og på helgeseminaret.

Stemmegruppene er ansvarlig for medlemmene i gruppa. De må ta kontakt med dem som ikke har vært på øvingene på ei stund, og sørge for at disse blir holdt underretta om ting som skjer i koret. Dette er stemmegruppenes og ikke styrets oppgave.

Alle stemmegruppene har nå en som er ansvarlig for nye medlemmer. Det er ikke meningen at disse skal ta seg av alle nye sjøl, men fordele nye på medlemmene i gruppa.

Det at vi nå rekrutterer medlemmer hele tida har skapt en del problemer som vi hittil ikke har greid å løse. 20 av de som begynte etter sommeren har nå slutta i koret. Dette peker på alvorlige feil når det gjelder korets ansvar for nye medlemmer, og spesielt stemmegruppenes ansvar.

Vi har vært flinke til å rekruttere medlemmer i høst. Oppgaven vår må nå være å bli like flinke til å ta vare på nye så de blir i koret.

Det foreslås at vi innfører en fast fadderordning i koret. Alle nye som begynner, får utnevnt en fadder fra sin stemmegruppe.

STYRET:

Det ble valgt nytt styre i koret i september. To ble sittende fra foregående styre, resten ble valgt nye.

Styret består av:
- formann
- nestformann
- sekretær
- ökonomiansvarlig
- informasjonsansvarlig (Syng ut)
- 2 styremedlemmer

Styret har prövd å jobbe ut fra de målsettinger som er nevnt innledningsvis, og har spesielt prövd å sette i gang tiltak for å bekjempe byråkratiet.

www.pdf-arkivet.no (2024)

Disse tiltakene har vært:

- bedre og klarere arbeidsfordeling i styret
- delegering av oppgaver
- opprettelse av medlemsblad for informasjon og diskusjon
- rasjonalisering av mötehalvtimen; skille mellom informasjoner og temaer til diskusjon - bare et diskusjonstema om gangen
- treffetid - en halvtime för övelsen

Styret er ganske godt fornöyd med fordelingen av arbeidet. Det har blitt delegert endel oppgaver, appellantgruppe, oppgaver til stemmegruppene og mus.ledelse.
Medlemsbladet har fungert bra på de fleste områder,men har også vært med på å undertrykke motsigelser (repertoar).
Halvtimen för övelsen blir dessverre brukt litt for lite.

På en öving i höst ble byråkratiet i koret diskutert på nytt, og det ble da oppsummert at byråkrati ikke lenger var hovedsida ved ledelsen av koret.

Men styret har stadig byråkratiske feil. Styret fungerer svært lite fleksibelt. Oppsatte planer blir fulgt, ofte uten at det blir vurdert om de er riktige i forhold til situasjonen.

MUSIKALSK LEDELSE.

Den musikalske ledelsen har bestått av 9 personer. Leder, repr. frastyret og representanter fra alle stemmegruppene. Oppgavene til den musikalske ledelsen har vært:

skoleringskampanja
oppvarmeng
innöving av sanger i gruppe og plenum
arrangementer
noter

Det har vært bra med en stor musikalsk ledelse med representanter fra alle gruppene. Oppvarminga har blitt bedre, og stemmeledere og dirigenter har vært bedre forberedt.

Den musikalske ledelsen er blitt oppsummert som lite ledende av styret, koret og seg sjöl. Mange i koret har ikke en gang visst hvem som har sittet i den musikalske ledelsen.

Mus.ledelse har hatt lite grep om koret musikalsk. Har f.eks. ikke vurdert koret musikalsk, heller ikke stemmegrupper og enkeltmedlemmer.
Skoleringskampanja, som har vært hovedoppgava til mus.ledelse, er oppsummert et annet sted.

Den musikalske ledelsen må skolere seg sjöl musikalsk og politisk med fölgende mål:

- å kunne lede en skikkelig skoleringskampanje
- å lede koret musikalsk i stemmegruppene og i plenum
- å kunne vurdere koret musikalsk
- å klare å trekke fram krefter i koret til å jobbe med tekster, melodier og arrangementer

www.pdf-arkivet.no (2024)

KONKLUSJON.

Sett helhetlig, har koret gått framover i höst. I forhold til målsettingene har vi klart å bekjempe byråkratiet i ledelsen, og også i större grad ta utgangspunkt i vårt eget særpreg i virksomheten vår. Vi har derimot ikke klart å gjennomföre en skoleringskampanje.

Styret har prioritert tre ting som det er viktig at koret jobber med framover:

1. Vi må satse sterkt på å gjennomföre en musikalsk skoleringskampanje.

2. Ökonomi.
   Ökonomiarbeid må gis en mye höyere prioritet i koret. Koret må mobiliseres på viktigheten av slikt arbeid.

3. Ledelsen i koret må styrkes. Vi önsker en ledelse som kan stille motsigelser, oppsummere diskusjoner, og före diskusjoner fram til enhet.
   Kritikk til styret må bli mer seriös, og bör bli fremmet på flere måter. Det bör avklares hvilke avgjörelser styret kan fatte uten diskusjon i koret först.

STYRET.

www.pdf-arkivet.no (2024)

EMIL SALUT - KORINSTRUKSJON/ INNSTUDERING AV EN SANG FRA A TIL Å

I. HVORDAN FORBEREDER LEDEREN SEG FØR ØVINGA?

1. Les og lær sopranstemmen fra begynnelse til slutt
2. ----"----- alt ------------"------------------
3. ----"----- tenor ------------"----------------
4. ----"----- bass ------------"-----------------
5. Analyser takt for takt hvilke kontraster som finnes mellom de 4 stemmene etter melodiske kriterier (ennå ikke harmoniske). Dette gjøres for å finne vanskelige steder, for å kunne forberede disse spesielt før øving. Lederen bør ikke bli overrasket av problemene på øvinga! Videre er dette viktig for å kunne konsentrere seg om å øve pådet vanskelige, f.eks. takt nr.6 og 21, og bruke tida økonomisk.
6. Analyser og strukturer den formmessige oppbygginga av verket/sangen. (Introduksjon? Forsetning? Ettersetning? Repetisjon? Koda? osv.)
7. Analyser harmonisk struktur: Les vertikalt fra bass til sopran (hold denne rekkefølgen!), kontroller om den skrevne akkorden tilsvarer besifringen. Hvis det ikke er besifring, lag denne.
8. Les hele verket for siste gang: Les samtidig besifringen, akkorden i retning bass til sopran, idet du samtidig leser polyfonien. Dette er en øvelsessak, og er forberedt gjennom pkt. 1-7.

II. HVORDAN INNSTUDERER KORET EN NY SANG PÅ ØVINGA?

A. TEKSTANALYSE:

1. Gjennomgå hele teksten med hele koret, (gjerne etter en firstemt gruppe-framføring som introduksjon)
2. Innholdet i sangen analyseres i fellesskap (m.h.t. politisk funksjon, opphav, tradisjon, stil, karakter, motiv, stemning, virkemidler osv.), helst etter inn-ledning. Her ligger syngemåte og dynamikken i sangen!
3. Analyser den formelle oppbygginga av sangen. (Hvor mange vers; refr.?osv.)
4. Les hele teksten i stavelsesform, linje for linje, hele koret, idet dere bruker flg. styrketegn: pp, mf, f (Diksjonsprøve!). Hold nøyaktig tempo - pass på at dere bruker samme tempo på alle styrketegn!
5. Les hele teksten i kor i korrekt rytme, idet dere bruker sangens styrketegn.
6. Analyser og bestem dynamikktegnene: Undersøk om dynamikken, slik den er skrevet i arrangementet, samsvarer med innholdet og foreta eventuelle nødvendige korrigeringer. (Blyant og viskelær: nødvendig tilbehør på øvinga!)

Pkt. 1 - 6 kan sammenlignes med en leseprøve på et teater.

B. SANG:

0. Separate stemmeinnøvinger
1. Sopranene synger melodien fra begynnelse til slutt, uten å bry seg om rytmeverdiene: dvs. at de synger alle notene som helnoter i 4/4 takt, og uten tekst ("mmmmm"). Dette er viktig for å kunne høre feilene, øve opp inntonasjonsevnen, intervallfølelsen og evnen til å synge prima vista. Finn kulminasjonene (høyeste og laveste tone) og øv dette intervallet sær-skilt noen ganger. Altene, tenorene og bassene gjennomfører samme øvelse. NB! Det er meget viktig at hele koret er samlet for å lære seg til å lytte og lese det hver stemme synger under denne gjennomgangen (sml. et teater hvor skuespillerne bare kjenner sin egen rolle!!). Hvis dette prinsippet - pkt.1 - holdes, garanteres et markert sprang i kvaliteten av korsangen i løpet av få måneder.
2. Koret synger alle akkordene som sangen inneholder med fermate. Dette er viktig for at alle skal skjønne sin egen funksjon i harmonien. Samtidig opp-øves forholdet mellom å "ta" sin tone, skape en indre stemme og synge den.
3. Syng hele verket slik det er skrevet (med tekst) to og to stemmer sammen, og gjennomgå alle mulige tostemmekombinasjoner. Dette gir dirigenten detalj-kontroll, pluss øker evnen til å synge og lytte på samme tid.
   Når dette er gjort samles hele koret, synger sangen sammen med alle stemmene, og tar hensyn til rytme, pauser og dynamikk.
   Sangen er ferdig innstudert - på et optimalt nivå. (Systematisk innøving er ikke tidsspill når det gir økt innlæringseffektivitet + forbedret læringsevne)
4. Gjenta minimum 6 ganger hele sangen fra begynnelse til slutt med fullt kor. (Overinnlæring) Gjennom dette oppnår vi at alle sangerene identifiserer seg med sangen som helhet, og vil gi sitt beste.

(Lagt fram og utdypet på Helgeseminar for Rødt kor og korps i Bergen 16.-17.9.7

www.pdf-arkivet.no (2024)